



No får Mesta nytte av Børnes-eigedomen att (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag skriv Statens vegvesen under kontrakt med Mesta om vedlikehaldet og brøytinga av riks- og fylkesvegane i Kvinnherad frå 1. september.**

**Det betyr at dei får meir bruk for den stoire tomte som dei eig på Børnes, opplysar driftssjef Lars Kristian Eidnes i Vesta i Odda til uskedalen.no Men hovudbasen blir i Odda.**

Kontrakta gjeld for ein femårsperiode og betyr at Opedal og Søner har tapt anbudstevlinga i denne omgangen - etter 5 års ansvar.

Mesta vann med eit tilbod på 192 millionar og det var 7 millionar mindre enn det Opedal opererte med. Også Kolo Veidekke var med i tevlinga, men låg så høgt som 262 millionar.

Kontrakta gjeld for eit stort område, heilt frå dei ytre delane av Kvinnherad, gjennom Hardanger og inn til Haugastøl, som ligg i Buskerud. Mesta hadde denne vedlikehaldskontrakta før, men tapte den til Opedal. No tek Mesta ho altså att - for ein femårsperiode.

Mesta, som er skilt ut frå Statens vegvesen, er landets største entreprenørkonsern innan byggjing, drift og vedlikehald av vegar og Statens vegvesen er deira største kunde på vegsektoren.

Tomta på Børnes har i dei siste åra vore leigd ut, mellom anna til lagring av davitar

for Eidsvik Skipsbyggeri. Det vil neppe bli stasjonert mannskap der som ein konsekvens av den nye kontrakta, men drifta er førebels ikkje planlagd i detalj. Tomta inneheld også eit kontorbygg og eit stort telt slik ho står i dag.

Av Ola Matti Mathisen